

## **DØME PÅ:**

### OMGJERING AV 60,08% HEIMEHJELPSSTILLING TIL HELSEFAGARBEIDARSTILLING

? har signalisert at ho ynskjer å seie opp stillinga si på 64,08% då ho vert 67år i august.

Når denne stillinga skal lysast ut, ynskjer ein å gjere om stillinga til helsefagarbeidarstilling. Årsakene til det er at vi som heimeteneste har stor trong for fagpersonell. Samhandlingsreforma har medført at pasientar kjem tidlegare heim frå sjukehus og er meir hjelpetrengande enn tidlegare. Faglært personale gjer tenesta meir fleksibel. Ein fagarbeidarar kan få utføre praktiske gjeremål som stell av pasientar og praktisk bistand i tillegg til at dei etter gjennomgått medisinkurs kan få delegert mynde til å gi medisiner eller få opplæring i aktuelle prosedyrer.. Bemanninga er svært knapp i helger og kveldar. Det er då avgjerande for at ein skal klare aktuelle oppgåver at flest mogeleg på dei ubekveme vaktene kan gi medisiner.

Vaktene knytta til denne stillinga er og hjå ein brukar med nedsett funksjonsevne. Å utføre teneste hjå denne brukaren er krevande. Ein tenesteytar med gode kunnskapar og god opplæring vil ha mykje betre føresetnad til å takle desse utfordringane.

Det er eit ynskje om å auke denne stillingsprosenten til 80%. Kostnad for denne endringa vert kr 98000. Denne kostnaden vert dekkja innanfor budsjettamma for 2015.

Fagforbundet er informert om endringa, og ser at det er trong for fagpersonale kytta mot aktuell brukar og elles i heimetenesta.

Mvh Britt Romarheim  
Mars 2015